



Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1084 - 17/16260

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

02.06.2017

Oversending av vedtak til klagevurdering gbnr 188/323 og 188/395 Gjervik ytre

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå Knarvik sentrum områdeplan/planid.: 1263-201002 for oppføring av nytt Helsehus i Knarvik.

Søkjjar har identifisert og søkt om dispensasjon for følgjande tilhøve:

1. Mellombels dispensasjon frå krav om utbyggingsavtale jf. § 1.13 i føresegna jf. kap. 3 føresegn om rekkefølge, motteke 24.04.17.
2. Mellombels dispensasjon frå krav om plan for gjennomføring jf. §§ 2.9 og 2.10 bokstav f i føresegna, motteke 24.04.17.
3. Dispensasjon frå formåls- og byggegrense.
4. Dispensasjon frå avvikande plassering av regulert nedkøyring/innkøyring til parkeringsanlegg
5. Dispensasjon frå fasadelengde gjeve i føresegna § 1.3.1 og tabell 1.4
6. Dispensasjon frå høgde og takutforming gjeve i tabell 1.4
7. Dispensasjon frå § 1.6.4 djupne på lausmasser på tak
8. Dispensasjon frå § 1.8.2 krav til tal parkeringsplassar

Grunna begrensa redigeringsmoglegheit i arkivsystemet på journalførte dokument og feil i opphaveleg saksframlegg ligg det feil i rådmannen sitt alternativ 2 til vedtak i saksframlegg i kommunen sitt saksystem vedlegg «*Søknad om dispensasjon frå områdeplan for Knarvik for oppføring av Helsehuset – gbnr 188/323 og 188/395 Gjervik ytre*». Feilen som vart retta i saksframlegget før utsending er at det i rådmannen sitt alternativ 2 til vedtak var det ikkje teke med vedtak i høve dei 2 omsøkte mellombelse dispensasjonane frå områdeplanen.

Saksframlegg utsendt til Plan- og miljøutvalet, som grunnlag for vedtak fatta 31.05.17 ligg ved som vedlegg «*Saksframlegg søknad om dispensasjon frå områdeplan for Knarvik for oppføring av Helsehuset – gbnr 188/323 og 188/395 Gjervik ytre*».

Politisk handsaming

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 31.05.2017, der følgjande vedtak vart fatta:

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



PM – Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 19-3 vert det gjeve mellombels dispensasjon frå områdeplan for Knarvik sentrum med planid.: 1263-201002 for følgjande:

- 1. Krav om utbyggingsavtale jf. § 1.13 og kap. 3 føresegn om rekkefølge,**
- 2. Krav om plan for gjennomføring jf. §§ 2.9 og 2.10 bokstav f.**

Mellombels dispensasjon vert gjeve på vilkår av at det skal ligge føre utbyggingsavtale og plan for gjennomføring seinast ved søknad om igangsetting.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå områdeplan Knarvik sentrum med planid.: 1263-201002 for følgjande:

- 1. Formåls- og byggegrense på vertikalnivå 1 og 2 slik som omsøkt.**
- 2. Avvikande plassering av regulert nedkøyring/innkøyring til parkeringsanlegg på vertikalnivå 1 og 2 slik som omsøkt.**
- 3. Fasadelengde gjeve i føresegna § 1.3.1 jf. § 1.4 for område O_BOP1**
- 4. Avvikande høgde og takutforming gjeve i § 1.4 for område O_BOP1.**
- 5. Dimensjonering av dekke for å tole lausmassedjupne på 80 cm jf. § 1.6.4 for djupne på lausmasser på tak og atrium.**
- 6. Dispensasjon frå § 1.8.2 krav til tal parkeringsplassar.**

Dispensasjon vert gjeve på vilkår av at det vert levert inn oppdatert SOSI fil som syner nye liner og plassering av bygg og nedkøyring/innkøyring til parkeringskjellar.

Grunngjeving av vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post.

Saksdokument ligg tilgjengeleg på følgjande lenke:

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/2017001470_Helsehuset

Med helsing

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Saksframlegg - søknad om dispensasjon frå områdeplan for Knarvik for oppføring av Helsehuset - gbnr 188323 og 188395 Gjervik ytre
Søknad om dispensasjon frå områdeplan for Knarvik for oppføring av Helsehuset - gbnr 188/323 og 188/395 Gjervik ytre
Søknad om dispensasjon - gbnr 188/323 og 188/395 Gjervik ytre
Søknad om dispensasjon 24.03.2017 - endelig utkast
A-40-02-00 Hovedsnitt BB
A-42-01-00 Fasade mot Øst
A-42-02-00 Fasade mot Nord
A-42-03-00 Fasade mot Sør
A-42-04-00 Fasade mot Sørvest
A-42-05-00 Fasade mot Vest
L-10-00-01 Situasjonsplan
33 Sol og skygge Bygg
34 Sol og skygge Bygg
A-21-00-A Basiskart eksisterende
A-21-00-B Basiskart etter tiltak
A-40-01-00 Hovedsnitt AA
A-21-01 1.Etasje
A-21-02 2.Etasje
A-21-U1 U.Etasje
OFølggebrev til rammesøknad
VEDLEGG 3 - Visuelle kvaliteter - Link Arkitektur
VEDLEGG 6 - L-10-00-02 Landskapsplan A1
VEDLEGG 8a - Merknad Helsehus Coop
VEDLEGG 8b - Tilsvaer til nabomerknader - usign.
33 Sol og skygge Bygg
34 Sol og skygge Bygg
A-20-00-A-BM Basiskart eksisterende situasjon
A-20-00-B-BM Basiskart situasjon etter tiltak
Illustrasjon utarbeidet av MIR for Link Arkitektur
L-10-00-01 Situasjonsplan
17_52474-2Uttale - Dispensasjon frå reguleringsplan - Gnr. 188 bnr. 323 - Lindås kommune
L-40-00-01_Prinsippsnitt oppbygging
Oversiktskart Helsehuset gbnr 188_323 og 188_395
Tilleggsinformasjon - Søknad om dispensasjon Helsehuset - gbnr 188/323 og 188/395 Gjervik ytre
Etterspurd argumentasjon til dispensasjonssøknad - gbnr 188/323 og 188/395 Gjervik ytre

Kopi til:

Region Nordhordland Helsehus Iks	Postboks 13	5902	ISDALSTØ
Se-Arkitektur AS	Wernersholmvege n 49	5232	PARADIS
Se-Arkitektur AS	Wernersholmvege n 49	5232	PARADIS
Sweco Norge AS	Postboks 80	0212	OSLO

Kopi til:

Sweco Norge AS

Skøyen
Postboks 80
Skøyen

0212

OSLO

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen